

Då krigen kom til Ørsta

Straks den tyske vernemakta hadde fotfeste i Noreg i 1940, sette dei i gang bygging av forsvarsanlegg langs kysten. Hitler meinte at den som beherska norskekysten rådde over Atlanterhavet og Barentshavet. Enorme lager av våpen, ammunisjon og drivstoff vart oppretta. Nær ein halv million soldatar vart utplasserte her. Tusenvis av krigsfangar frå Aust-Europa og Sovjetunionen utførte slavarbeid for okkupasjonsmakta.

Tyskland hadde bruk for jernmalm frå Kiruna, koparkis frå Orkla, protei frå havet og ikkje minst nikkel frå Petsamo. Tyskarane innførte moderne fryseteknologi og fabrikkskip. Kort sagt, det tyske nærværet i Noreg var omfattande, og av stor betydning for krigens gang.

Merka ikkje stort til krigen

Ørstingar flest merka ikkje stort til krigen. Sjølv sagt var det lite å få kjøpt, men ingen leid direkte naud. Dei fleste hadde tilgang til ein jordlapp. Det var fisk i fjorden, og folk delte med kvarandre. Næraste forlegning var på Berkneset der det var eit festningsanlegg, men ein såg lite til soldatane og dei oppførte seg korrekt. Eit lag med eldre menn var siste krigsåret innkvartert i kjellaren på Lystad skule. Dei var tolv mann mellom 65 og 70 år som dreiv med skogshogst. Berre den yngre sjefen var glødande nazist. Desse mennene leid vondt, samanstua i tre-etasje køyer i ein uisolert skulekjellar.

Forsyningskrise

Etter invasjonen i Normandie oppstod det ei akutt forsyningskrise. Dei iverksette ein gigantisk trans-



port av mannskap, forsyningar og materiell frå Noreg til Tyskland. All kapasitet av skip vart sett inn. Skipa segla om natta, og gøymde seg i fjordane om dagen. Transporten vart organisert i konvoiar med eigne vaktbåtar til vern.

For å hindre denne viktige transporten nytta dei allierte flyåtak. Royal Australian Air Force opererte frå Skotland, og dei nytta Baufighter kampfly. Flygarane var unge frivillige, ofte studentar med lite erfaring, men stort mot.

Tysk konvoi inn Ørstafjorden

Den 5. desember 1944 seig ein tysk konvoi inn Ørstafjorden. Tre tyske lasteskip og eitt norsk, eskortert av ein vaktbåt. To vart dirigert til Sel-

bervika, eitt til Vekslet og norske Cygnus la til ved Ørsta Bruk. Vaktbåten la seg ved sildoljefabrikken i Skorgeura. Dagen var vakker med blå himmel og sol. Først kom eit mosquito-fly over området, sirkla og for vestover.

Eg arbeidde då i skogen i Skorgeura. Det vart aktivitet på vaktbåten som la seg mellom Opsal og Selbervika og eg hørte kommandorop. Om lag klokka 14 kom angrepet. Det vart eit inferno overallt. Etter informasjon frå skvadronleiar Neil Smith var det 17 baufighters med fem mosquito jagarfly som eskorte. Angrepet kom i tre puljar.

Angrep i Selbervika

Det eg hugsar best var fem av flya.

Dei angreip M/S Radbod i Selbervika, for over Krøvelseidet og ned Åmdalen. Etter nokre minutt fekk luftvernet sikta seg inn. Det femte flyet vart råka i høgre motor av eldgjeving frå vaktbåten. Flyet sette kursen mot denne og skaut heile tida med sine 20 mm maskinkanonar. Eg såg det heile der eg stod. Då flyet passerte Nerhagen såg eg noko kvitt bak utan å tenkje meir på det, men noterte at høgre motor var stansa. Flyet heldt fram mot vaktbåten som skaut med begge luftvernkanonane samstundes som dei skaut frå Radbod. Like før flyet nådde vaktbåten slo denne full fart akterover. Høgre vinge kolliderte med fordekket og feia alt over bord. Vingen vart avriven og resten av flyet heldt fram ca femti meter,

Australsk angrep av den tyske vaktbåten i Ørstafjorden. Det er fotografert av Neil Smith.

vart liggande nokre minutt og sokk. Den avslagne flyvingen tok fyr, men den hardt skadde vaktbåten hadde bakka og klarte seg. Like etter gjekk Radbod ned.

Fann fallskjermen

Etter denne dramatikken kom eg på at det eg såg måtte ha vore ein fallskjerm. Eg sprang heim, tok ut båten og fossrodde ut og fann skjermen, rodde så over til Selbervika der det låg nokre båtar, og spurte om dei hadde sett noko. Eg rodde ut langs stranda, over til Lianes og langs fjøra heim. Eg hengde skjermen til tork, og fann navnet Sides i ein fals. Det tok eg vare på.

M/S Albert Janus sokk i Vekslet, men M/S Cygnus vart ikkje angrepen. Kaptein Riise, bror til lensmann Riise, fortalde seinare at han nekta dei tyske marinegastane om bord å åpne eld. Dette berga truleg Ørsta sentrum, skipet var rekvirert og fullasta med ammunisjon. Neil Smith fortalde seinare at dei såg skipet med nøytralitetsmerke, men hadde dei opna eld ville flya ha gått til åtak.

På besøk i Ørsta

Flyet som vart nedskote vart ført av Austin Hakewill og navigatør var Fredric Gordon Sides, begge frå Australia. Sommaren 1946 kom foreldra og syster til Gordon Sides til Ørsta for å sjå kvar sonen miste livet. Dei vart verande her nesten til jul, var vinteren i England, og kom attende i 1947. Dei ville finne ut mest muleg om kva som hadde hendt. Mora, Dorothy, var viss på at sonen framleis levde. Dei fekk mange vener i Ørsta.

Sides ville heve flyet, men hadde vanskar med å få overført pengar med valutarestriksjonane som var. Havtor Hovden leigde bergingsbåten Draugen og heva flyet utan å finne noko. Under ein seremoni tala soknepresten, og flyet vart sein-



Faren til Fred Sides, Fredric Sides, ved monumentet på Lianeset.